



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	


Namn på veg 2153 og 2154

Samandrag:

I reguleringsplanane Brekkane og Hareidsmyrane Nord 2 er det regulert inn fleire nye vegar som må tildelast namn.

Dei fleste av namna vart vedtekne i 2024, men det var naudsynt med primærnamnsak før vedtak av namn på veg 2153 og 2154.

Vedtaket frå Kartverket er i tråd med tidlegare vedtak frå namneutvalet.



Involverte vegar:

- Veg 2153: Veggen bør hete «Gomyrvegen» Veggen går over området som kallast Gomyra. Namneutvalet legg til grunn at det ikkje blir gjennomkøyring gjennom gardstunet til veggen Brekkane.
- Veg 2154: Veggen bør hete «Remastubben» Veggen går gjennom området som kallast «Rema». «Rema» er riktig skrivemåte på dette området og ikkje «Rima» som har blitt brukt av det offentlege. Namneutvalet meiner også at namnet på undergangen under

fylkesvegen «Rimabrua» er feil. Administrasjonen opplyste at det var Statens vegvesen som vedtok skrivemåte på denne undergangen.

Kommunedirektøren si tilråding:

Hareid kommunestyre godkjenner med heimel i stadnamnlova § 7 følgende namn for vegane innanfor reguleringsplan for Brekkane og Hareidsmyrane nord:

- Veg 2153: Gomyrvegen
- Veg 2154: Remastubben

Andre relevante dokument:

Kunngjering av vedtak i namnesak Go(d)myra og Rema

Saksopplysningar:

I reguleringsplanane Brekkane og Hareidsmyrane Nord 2 er det regulert inn fleire nye vegar som må tildelast namn.

Dei fleste av namna vart vedtekne av kommunestyret i saka PS 63/24, men det var naudsynt med primærnamnsak før vedtak av namn på veg 2153 og 2154.

Vedtaket frå Kartverket er i tråd med tidlegare vedtak frå namneutvalet.

Utdrag frå relevante lovar og forskrifter:

Utdrag frå paragraf 7 i stadnamnlova:

"Kommunen vel namn på og vedtek skrivemåten på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, kommunale anlegg o.l. og vedtek skrivemåten av offisielle adresser.

Fylkeskommunen vel namn på og vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statlege organ vel namn på statlege anlegg. Eit reinbeitedistrikt vel namnet på distriktet. Statens kartverk vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, namn på reinbeitedistrikt, namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift."

Utdrag frå paragraf 8 i forskrift om stadnamn:

"Ved vedtak etter stadnamnlova § 7 første til fjerde ledd skal vedtaksorganet sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Ved behov kan det hentast ei førebels tilråding frå stadnamntenesta.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dei som etter stadnamnlova § 8 tredje og fjerde ledd har rett til å uttale seg, skal ha minst to månader til å uttale seg frå dei får saka. Vedtaksorganet skal sende høyringssvara til stadnamntenesta, som skal gi endeleg tilråding før vedtak. I saker som gjeld nedervde namn på bruk etter stadnamnlova § 5 tredje ledd, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan at det ligg føre ei vurdering frå stadnamntenesta.

...

Saker om skrivemåten av daglegnamn skal behandlast på same måten som saker om dei offisielle bruksnamna. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register.

I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på. Vedtaksorganet skal sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. I saker som gjeld skrivemåte av nedervde bruksnamn etter stadnamnlova § 5 tredje ledd, trengst det likevel ikkje reisast namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren krev det."

Utdrag frå paragraf 9 i forskrift om stadnamn:

"Vedtaket etter stadnamnlova skal vere skriftleg og grunngitt. Grunngivinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og skal innehalde dei faglege føresetnadene for og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket. Grunngiving skal givast samtidig med vedtaket for gardsnamn og bruksnamn, når bruksnamnet ikkje er fastsett av eigaren. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd, kan krevje å få grunngivinga for andre enkeltnamn."

Utdrag frå kommunens adresseforskrift paragraf 3:

"Kommunestyret er kommunen si namnemynde og har ansvar for namnsetting og gjer vedtak om skrivemåten av stadnamn/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn. Eining for plan, byggesak og geodata har ansvar for saksforberedande arbeid knytt til namnsetting og skrivemåte av stadnamn/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn.

Innsamling og forslag til adressenamn vert overlate til namnenemnda. Namnenemnda er kommunen sitt rådgjevande organ i spørsmål som gjeld:

- Namn på vegar
- Kommunale og eventuelt private byggefelt, offentlege bygningar, offentlege plassar, kommunale bruer, kommunale landemerke og liknande.
- Saker der kommunen har namn til uttale"

Utdrag frå forskrifta paragraf 5:

"Ved innføring av vegadresser utarbeidar adressemynda kartoversikt som viser dei enkelte adresseparsellar (veger) med angitt start- og endepunkt, og tildelte adressenummer (husnummer) etter reglane slik dei går fram av matrikkelforskrifta kapittel 12 og adresserettleiaren utgjeve av Kartverket.

1. Namnemynda vedtek namn og skrivemåte for dei enkelte adresseparsellar og/eller omåde/bygg med eventuelle tilleggsnamn (namn på f.eks. bustadfelt). Forslag til namn skal sendast på høyring og offentleggjerast i lokalavisa eller på kommunen sine heimesider, slik at aktuelle foreiningar, lag og enkeltpersonar i kommunen/området får høve til å kome med merknader. Stadnamntenesta for Vestlandet skal også ha forslaga til høyring."

Forskrifta paragraf 6:

"§6. Retningslinjer for val og skrivemåte av adressenamna.

1. Adressenamna må passe inn i eit samordna system for adressering. Namna bør vere lette å oppfatte, skrive og uttale, og dei skal vere slik at dei ikkje vert forveksla med andre eksisterande adressenamn eller mykje brukte og ålment kjente stadnamn i adresseområdet. Adressenamna bør vere varierte.

2. Adressenamnet bør høve på staden, verka lokalisierende og så langt råd er byggje på lokal namnetradisjon der adresseparsellen ligg.

3. Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk.

4. Gjennom namnsettinga skal ein verne om og ta vare på lokal kulturarv. Namn på personar som er i live, bør ikkje takast i bruk i adressenamn.

5. Skrivemåten skal vere i samsvar med det lokale målføret og elles følgje normer for rettskriving av stadnamn. Der rettskrivinga gjev rom for varierende normering, skal ein nytte den forma som ligg nærast opp til talemålet på staden der adresseparsellen ligg.

6. I saksførebuinga til namneval skal lokalmiljøet, aktuelle uttrykkingsetatar (brann, politi og ambulanse) og Statens namnekonsulentar vera rådspurte."

Saksgang:

Namneutvalet har i møte 25. mai 2023 drøfta namn på adresseparsellar i reguleringsplanane Brekkane og Hareidsmyrane nord 2 og kom med følgjande tilråding:

Veg 2104/ Trudvangvegen:

Vegen bør behalde noverande namn: «Trudvangvegen».

Namnet er etter forsamlingshuset Trudvang som vart revet i 2021. Det er fleire bustadar adressert til vegen i dag.

Veg 2150:

Vegen bør hete «Myrastubben»

Vegen går over Myra og endar i ein stubb mot vest. Endinga –stubb vart valt da endinga -vegen alt er i bruk i Myravegen. Det var nemnt nokon lokale stadnamn, bl.a. Lomstjørna, men det vart vurdert at desse ikkje var nær nok til å vere relevante.

Veg 2151:

Vegen bør hete «Brekke marka»

Vegen går over garden Brekkane sin mark og deler av området kallast lokalt for Brekke marka. Bruken av endinga –marka er etablert i andre vegnamn i kommunen. Døme er bustadfeltet Isakmarka.

Veg 2152:

Vegen bør hete «Brekkestubben»

Vegen går over garden Brekkane sin mark og er ein stubb ut frå Veg 2151.

Veg 2153:

Vegen bør hete «Gomyrvegen»

Vegen går over området som kallast Gomyra. Namnutvalet legg til grunn at det ikkje blir gjennomkøyring gjennom gardstunet til vegen Brekkane.

Veg 2154:

Vegen bør hete «Remastubben»

Vegen går gjennom området som kallast «Rema». «Rema» er riktig skrivemåte på dette området og ikkje «Rima» som har blitt brukt av det offentlege. Namneutvalet meiner også at namnet på undergangen under fylkesvegen «Rimabrua» er feil. Administrasjonen opplyste at det var Statens vegvesen som vedtok skrivemåte på denne undergangen.

Namna har deretter vore på lokal høyring frå 21. juni 2023 til 1. september 2023 etter paragraf 8 i forskrift om stadnamn. Sjå også paragraf 5 punkt 1 og paragraf 6 punkt 6 i kommunens adresseforskrift.

Det kom inn eit høyringsinnspel på veg 2153, frå Ida Brekke Sandvik: "Sidan mesteparten av veg 2153 går over "Brekkanen" (og ikkje berre over Gomyra), vil eg foreslå BREKKETUNET som vegnavn."

Saka vart deretter i 7. februar 2024 sendt over til Språkrådets stadnamnteneste for tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsetjing, jamfør paragraf 9 i stadnamnlova, og paragraf 5 punkt 1 og paragraf 6 punkt 6 i kommunens adresseforskrift.

Tilråding frå språkrådet vart motteke 26. februar 2024 og handsama i møte i namneutvalet same dag.

I møtet 26. februar 2024 kom namneutvalet med følgande tilråding:

"Følgande vegnamn takast vidare til kommunestyret:

Veg 2104: Trudvangvegen

Veg 2150: Myrastubben

Veg 2151: Brekke marka

Veg 2152: Brekkestubben

Følgande namn vert det reist primærnamnsak på:

- Gomyra
- Rema/Rima

Avgjerd i primærnamnsaka blir retningsgjevande for namn på veg

Veg 2153: Gomyrvegen og Veg 2154: Remastubben"

26. mars sender kommune brev om ønske om primærnamnsak på namna Gomyra og Rema/Rima.


Oppstartsbrev vart motteke 8. april og lokal høyring vart gjennomført i perioden 10. april til 16. juni 2024.

Kommunen sendte høyringssvar til Språkrådet 26. september.

Språkrådet kom med sin tilråding 16. desember 2024 og tilrådte Godmyra og Rema.

Kartverket gjorde vedtak i "namnesak 2024/96 - Go(d)myra og Rema i Hareid kommune" 13. januar 2025 og vedtok:

- Gomyra - bruk, bnr. 41/4 og 41/884
- Rema - jorde
- Språkrådet tilrår Remabrua for brunamnet og Remastubben for adressenamnet.
- Fylkeskommunen er vedtaksmynde for namn på bru på fylkeskommunal veg, og kommunen vedtek adressenamn.



Vurdering og konklusjon:

I møtet 25. mai 2023 kom namneutvalet med tilråding om namn på veg 2153 og 2154.

- Veg 2153: Gomyrvegen
Vegen går over området som kallast Gomyra. Namneutvalet legg til grunn at det ikkje blir gjennomkøyring gjennom gardstunet til vegen Brekkane.
- Veg 2154: Remastubben
Vegen går gjennom området som kallast «Rema». «Rema» er riktig skrivemåte på dette området og ikkje «Rima» som har blitt brukt av det offentlege. Namneutvalet meiner også at namnet på undergangen under fylkesvegen «Rimabrua» er feil. Administrasjonen opplyste at det var Statens vegvesen som vedtok skrivemåte på denne undergangen.

I møte 26. februar vedtok namneutvalet:

"Avgjerd i primærnamnsaka blir retningsgjevande for namn på veg

Veg 2153: Gomyrvegen og Veg 2154: Remastubben"

Kartverket har i "namnesak 2024/96 - Go(d)myra og Rema i Hareid kommune" gjort vedtak av skrivemåten av stadnamn som samsvarer med tidlegare vedtak frå namneutvalet.

Regelverket for handsaming av forslag til nye stadnamn er streng. Kommunestyret som namnemynde kan foreslå eit anna namn enn det som er føreslått av namneutvalet, men må da sende heile saka eller dei aktuelle adresseparsellane tilbake til administrasjonen for ny vurdering, høyring og tilråding frå stadnamntenesta i Språkrådet.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Konsekvensar for eldre: Ingen

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: Ingen

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Bent Arild Grytten
kommunedirektør
og geodata

Tanja Rafteseth
konstituert einingsleiar plan, byggesak